

Verdiskapingsarbeid Fosnstraumen

Søkjjar: Radøy kommune og Austrheim kommune. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei to kommunane og lokale eldsjeler. Radøy kommune vil forvalte prosjektet, og eit eventuelt tilskot kan overførast til dei.

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger
Tlf. 56 34 90 00
E-post: postmottak@radoy.kommune.no
Org. Nr. 954 748 634
Bankkontonr. 3636 07 00776
Kontaktperson: Bente Kopperdal Hervik, tlf. 56349012

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim
Tlf: 56162000
Faks: 56162001
E-post: post@austrheim.kommune.no
Org.nr.: 948 350 823
Kontaktperson: Frode Hervik, tlf. 56162137

Søknadsbeløp: 400.000,-

Fosnstraumen – Eit nasjonalt leiande steinaldersenter?

Fosnstraumen mellom Radøy og Austrheim kommunar er Hordalands svar på Saltstraumen med stort potensiale for å utvikle attraksjonar basert på det marine livet og steinalderhistoria. I Fosnstraumen finn ein eit uvanleg rikt plante- og dyreliv, med spesielt mykje fisk av forskjellige artar. Det var fiskeressursane som gjorde at steinalderfolk slo seg ned her for om lag 10.000 år sidan, og fortsette å bu her gjennom steinalderen og over i bronsealderen med tidlege spor av jordbruk. Den høge konsentrasjonen av steinalderfunn i området gjer at staden har vorte kalla «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen». Det same rike plante- og dyrelivet gjer i dag Fosnstraumen til ein av landets beste dykkardestinasjonar.

Såleis kan det vere eit potensiale i å sjå kulturarv og naturverdiar i samanheng, og å ta kulturminne og kulturmiljø i bruk som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling. Fosnstraumen ligg i eit område som av Riksantikvaren er foreslått som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Fosnstraumen ligg også ved kystpilgrimsleia, og det vil derfor vere eit poeng også å vurdere prosjektet i samanheng med det prosjektet. Det

vert på denne bakgrunn søkt om midlar til eit forprosjekt for å utarbeide eit konsept for verdiskaping med utgangspunkt i Fosnstraumen.

Ein del av bakgrunnen for dette er Radøy og Austrheim kommunar sitt samarbeid med eldsjelene Morten Kutschera (flintsmed og eksperimentell arkeolog) og Børje Møster (fridykkar, pedagog). Desse har sett opp ein steinalderlavvo, og driv aktiv formidling av steinalderen gjennom arrangement som steinalderdagar og for Kutschera sin del også gjennom den kulturelle skulesekken. Dei har ein ambisjon om å utvide dette til ein steinalderpark etter inspirasjon frå slike opplevingsparkar i Danmark og andre stader i Europa. ***På grunnlag av argumenta ovanfor er målet å verte eit nasjonalt leiande steinaldersenter.*** Ei sentral oppgåve i eit forprosjekt må vere å sjå nærare på korleis ein skal lukkast i å utvikle dette vidare frå det som er etablert, og kva ein slik park skal innehalde. I dette arbeidet vil Radøy kommune, Austrheim kommune, Morten Kutschera og Børje Møster delta.

Tanken er i første rekkje å fremje levande formidling av steinalderhistoria ved hjelp av eksperimentell arkeologi (rekonstruksjonar og opplevingar knytt til håndverk, våpenbruk og mat). Dessutan vil ein også leggje vekt på formidling av det marine livet i straumen gjennom å skape opplevingar. Dette kan gjerast gjennom fisking, dykking, fridykking og undervassjakt, samt padling. Dersom ein lukkast i å ta det eit steg vidare med eit eige bygg, kan dette også etter kvart supplerast med moderne informasjonsteknologi med interaktive løysingar.

Opplevingar og fysisk innhald i steinalderpark - skisse

Det vert lagt vekt på å kombinere kultur- og naturopplevingar. Rekonstruksjonar av bustader frå steinalder med aktivitetsområde for bogeskyting, flintverkstad, steinalderbåtar og eventuelt anna vil danne utgangspunktet. Opplevingar kan også innebere fisking på steinaldervis, mat frå steinalder og bronsealder, samt overnatting. I forprosjektet må ein ta stilling til lokalisering i samarbeid med Hordaland fylkeskommune for å ta omsyn til kulturminna og aktuelle grunneigarar. Det er eit formalisert samarbeid med grunneigar på Straume med dagens aktivitet, men utvida aktivitet kan innebere at ein også må innleie samarbeid med andre grunneigarar.

Forprosjektet må også ta stilling til plassering av eit eventuelt parkbygg med utstillingsareal, verkstad for flintsmed og eventuelle andre handverkarar og toalettfasilitetar. Eit slikt bygg kan også innehalde auditorium, kafé og suvenirbutikk. Finansiering av eit slikt bygg vil vere eit utfordring, og i utarbeiding av eit forprosjekt må ein også ta stilling til kva som er realistisk å få til. Kanskje kan også eit nærare samarbeid med Vestnorsk utvandrarsenter på Sletta vere aktuelt med tanke på faste lokalitetar, ettersom det der er planar om eit magasin-/utstillingsbygg der.

Det vert etablert stadig fleire Vikingsenter rundt om i landet. Berre på Vestlandet er det no planar om vikingsenter i Gudvangen og Nordfjordeid (Sagastad), medan ein allereie har etablert Nordvegen historiesenter på Avaldsnes og vikinggarden på Seim i Nordhordland. Noko steinaldersenter finst derimot ikkje, etter det me kjenner til.

Verdiskaping og organisasjonsform

Til grunn for dette arbeidet ligg ein brei definisjon av verdiskaping med utgangspunkt i ikkje berre økonomisk kapital, men også kulturell og sosial kapital. Etablering av ein steinalderpark i Fosnstraumen vil mest truleg ikkje vere noko som vil gi stor økonomisk avkastning, og det vil ta lang tid å byggje opp fasilitetar til ein attraksjon med stort nedslagsfelt. Likevel ligg det utvilsamt eit potensial i dette, tatt i betraktning av at folk i stadig større grad etterspør opplevingar og aktivitetar. Det vil også kunne gi synergieffekter over på verdiskaping elles i reiselivsnæringa. Det er også viktig å vurdere nærare korleis dei lokale ressursane i og ved Fosnstraumen kan leggje grunnlag for verdiskaping, og korleis andre aktivitetar, til dømes havsportaktivitetar knytt til padling, dykking og fridykking kan koplust på verdiskapingsarbeidet. Ein vil såleis gå breitt ut for å få engasjerte aktørar til å vere med i eit prosjekt.

Eit ledd i arbeidet med forprosjekt vil vere å sjå nærare på organisasjonsform. Ei drøfting med ulike museumsinstitusjonar med tanke på samarbeid og eventuell meir direkte involvering vil vere klargjerande. Eit alternativ å arbeide for at den kulturhistoriske delen basert på eksperimentell arkeologi vert ei avdeling under Museumssenteret i Hordaland eller eventuelt Universitetsmuseet, De kulturhistoriske samlingene. Førstnemnde har ansvar for regionen Nordhordland, medan sistnemnde har ansvar for arkeologiske kulturminne. Alternativt kan ein sjå på ein steinalderpark som næringsverksemd, eller eventuelle blandingsløysingar. Dette må takast nærare stilling til i forprosjektet.

Målgrupper

Ein slik steinalderpark vil kunne ha mange ulike målgrupper:

1. Skular og barnehagar, gjerne med forpliktande avtalar med kommunane i Nordhordland
2. Turistar
3. Dagsturistar frå Bergensregionen

Framdriftsplan Forprosjekt

Tiltak	Tid
Oppstart moglegeitanalyse og prosjektkonsept	Februar 2015
Folkemøte, aktørnettverk	Februar/mars 2015
Avklare organisasjonsform	Juni 2015
Val av ekstern konsulent	August 2015

Ferdigstilling av moglegheitsanalyse og eit konsept for ein steinalderpark med gode skisser.	Desember 2015
--	---------------

Kostnader og finansiering av forprosjektet

Tiltak	Kostnad
Konsulenthjelp	300.000
Lønn	100.000
Moglegheitsanalyse og prosjektkonsept, eigeninnsats kommunane	60.000 (75 t)
Avklare organisasjonsform og finansieringsplan, eigeninnsats kommunane	60.000 (75 t)
Installasjonar, formidlingsverktøy og replika	150.000
Sum	670.000

Finansieringsplan	
Verdiskapingsmidlar, Riksantikvaren	450.000
Eigeninnsats, kommunane	120.000
Austrheim kommune, prosjektmidlar	50.000
Radøy kommune, investeringsmidlar	100.000
Sum	670.000